

# **Vekselbanken**

– ein god medspelar –



## **DELÅRSRAPPORT** **3. kvartal 2013**

Voss, 15. oktober 2013  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2013

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt hittil i år på 21,3 mill. kr (0,83%) mot 22,1 mill. kr (0,91%) ved utgangen av 3. kvartal i fjor.

For 3. kvartal isolert er resultatet før skatt 10,1 mill. kr (1,14%) mot 6,2 mill. kr (0,74%) i fjor. Etter skatt er kvartalsresultatet 7,7 mill. kr (0,87%), mot 4,4 mill. kr (0,52%) i fjor.

Resultatauken i kvartalet kjem frå positiv vekst i netto renteinntekter, lægre avskrivningar og betre inntekter frå finansplasseringar.

## RENTEMARGIN

Renteinntektene etter 3. kvartal i år syner ein stigande trend, og banken bokfører netto renteinntekter på 53,4 mill. kr, ein auke så langt i år på 2,4 mill. kr. Rentemarginen banken oppnår så langt i år er 2,08%, mot 2,10% i fjor, etter at netto renteinntekter er belasta med 1,5 mill. kr i ekstra sikringsfondsavgift, som på årsbasis utgjer ein reduksjon i rentemarginen på 0,6 %-poeng.

I 3. kvartal er netto renteinntekter auka med 1,7 mill. kr til 19,4 mill. kr, samanlikna med 3. kvartal i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet er rentemarginen 2,20% mot 2,12% i 3. kvartal i fjor.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Utviklinga på banken sine papir investert på Oslo Børs har i tredje kvartal hatt ei positiv utvikling. Ved kvartalsskiftet har banken samla inntektsført netto utbyte og verdiendringar med 2,8 mill. kr, mot 4,9 mill. kr ved kvartalsskifte i fjor.

For 3. kvartal isolert inntektsfører banken netto utbyte og verdiendringar med 1,9 mill. kr, mot 0,2 mill. kr i 3. kvartal i fjor.

## DRIFTSKOSTNADER

I 3. kvartal i år er driftskostnadane på 11,4 mill. kr mot 11,7 mill. kr for 3. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane på 1,28%, mot 1,40% i fjor.

Pr. 30.09.13 bokfører banken samla driftskostnader på 34,0 mill. kr (1,32%), mot 33,9 mill. kr (1,40%) ved kvartalsskifte i fjor, noko som er i underkant av budsjetterte tal.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 3. kvartal har banken kostnadsført tapsavsetjingar med 0,7 mill. kr mot 1,1 mill. kr for 3. kvartal i fjor.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av 3. kvartal i 2013 er på 35,2 mill. kr mot 32,2 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2012. I % av brutto utlån utgjer dette 1,16% pr. 30.09.13, mot 1,13% pr. 30.09.12. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

## RÅDVELDEKAPITAL

I 3. kvartal er rådveldekapitalen redusert med 34 mill. kr eller 1,0 %, til 3.509 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 175 mill. kr eller 5,3%.

## **INNSKOT**

I 3. kvartal er innskota redusert med 55 mill. kr eller 2,3%, mot ein reduksjon i 3. kvartal i fjor på 23 mill. kr eller 1,0%.

Pr. 30.09.13 er innskot frå kundar på 2.287 mill. kr mot 2.134 mill. kr pr 30.09.12, ein auke på 153 mill. kr eller 7,2%.

Innskotsdekninga frå kundar held seg på eit høgt nivå, og var ved utgangen av 3. kvartal 75,1% av brutto utlån, mot 74,7% på same tid i fjor.

## **UTLÅN**

Banken opplever god vekst i utlån og bokfører i 3. kvartal ein auke i brutto utlån på 15 mill. kr, eller 0,5%, mot 39 mill. kr (1,4%) i 3. kvartal i fjor.

Ved halvårsskiftet i år passerte banken 3 mrd. kr i brutto utlån, og bokfører brutto utlån til kundar pr. 30.09.13 med 3.046 mill. kr mot 2.857 mill. kr ved kvartalsskiftet i fjor. Dette utgjør ein auke siste 12 månadane på 189 mill. kr eller 6,6%. Banken har så langt ikkje utlån til kundar formidla via Eika Boligkreditt.

## **LIKVIDITET**

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.286 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense) pr. kunde 269 mill. kr eller berre omlag 12%.

## **EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel II reglane er 360,6 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 17,82%, utan at resultatet hittil i år er teke med. Kjernekapitalen er samstundes 301,3 mill. kr, eller 14,89%. I høve til minimumskrava er overdekninga 198,6 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 13,16%.

## **REVISJON**

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## **REKNESKAPSPRINSIPP**

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

## **UTSIKTENE FOR 2013**

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar at rentenivået me har i dag vil halde seg nokolunde stabilt framover. For å kunna styrka banken sin eigenkapital i tråd med nye krav frå styresmaktene, og motverka auka innbetaling til Bankenes Sikringsfond gjennomførte banken i august ein moderat renteauke på utlån. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Eika-gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering. Dette vil styrka banken framover.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	3. kv. 2013	3. kv. 2012	30.09.13	30.09.12	31.12.12
Renteinntekter og liknande inntekter	38.861	36.777	111.111	108.641	146.785
Rentekostnader og liknande kostnader	19.425	19.087	57.721	57.687	76.523
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>19.436</b>	17.690	<b>53.390</b>	50.954	70.262
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	0	1.108	2.538	2.538
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.663	1.421	3.831	3.576	4.781
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-796	-560	-2.413	-1.660	-2.351
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	1.916	207	1.724	2.419	1.223
Andre driftsinntekter	7	176	27	516	819
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>2.790</b>	1.244	<b>4.277</b>	7.389	7.010
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>22.226</b>	18.934	<b>57.667</b>	58.343	77.272
Personalkostnader	5.385	5.267	14.953	13.752	20.272
Administrasjonskostnader	3.448	3.598	10.896	10.838	14.876
Ordinære avskrivningar	1.646	1.862	4.897	5.654	6.232
Andre driftskostnader	923	957	3.217	3.620	4.981
<b>Sum kostnader</b>	<b>11.402</b>	11.684	<b>33.963</b>	33.864	46.361
<b>Resultat før tap</b>	<b>10.824</b>	7.250	<b>23.704</b>	24.479	30.911
Tap på utlån, garantiar m.v.	715	1.079	2.449	2.344	3.062
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	0
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>715</b>	1.079	<b>2.449</b>	2.344	3.062
<b>Resultat før skatt</b>	<b>10.109</b>	6.171	<b>21.255</b>	22.135	27.849
Skatt på ordinært resultat	2.430	1.805	5.699	5.215	6.992
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>7.679</b>	4.366	<b>15.556</b>	16.920	20.857
<b>Andre inntekter og kostnader</b>					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	127	0	1.662	-1.393	-2.173
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-158	0	-466	-69	141
<b>Sum andre postar</b>	<b>-31</b>	0	<b>1.196</b>	-1.462	-2.032
<b>Totalresultat</b>	<b>7.648</b>	4.366	<b>16.752</b>	15.458	18.825
Resultat pr. aksje	80,83	45,96	163,75	178,11	219,55
Utvatna resultat pr. aksje	80,83	45,96	163,75	178,11	219,55

## BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

### EIGNELUTAR

	30.09.13	30.09.12	31.12.12
Kontantar og fordringar på sentralbankar	52.836	69.024	72.360
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	59.701	37.207	118.981
Netto utlån og fordringar på kundar	3.000.153	2.812.239	2.804.073
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	272.410	296.192	253.668
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	55.042	60.209	60.149
Immaterielle eignelutar	16.997	8.117	20.000
Finansielle derivat	433	227	406
Varige driftsmidlar	37.552	36.503	37.770
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	13.073	13.055	9.671
<b>SUM EIGNELUTAR</b>	<b>3.508.197</b>	<b>3.332.773</b>	<b>3.377.078</b>

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.286.833	2.133.743	2.232.207
Obligasjons- og sertifikatgjeld	741.664	744.453	711.577
Finansielle derivat	643	373	643
Utsett skatt	2.736	2.975	2.270
Anna gjeld	17.474	14.017	20.015
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	46.460	41.230	11.004
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	6.859	6.837	6.311
Ansvarleg lånekapital	85.000	84.440	85.000
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.187.669</b>	<b>3.028.068</b>	<b>3.069.027</b>

### EIGENKAPITAL

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning eigne aksjar	-15	-15	-15
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>9.485</b>	<b>9.485</b>	<b>9.485</b>

#### Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	311.043	295.220	298.566
<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>311.043</b>	<b>295.220</b>	<b>298.566</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>320.528</b>	<b>304.705</b>	<b>308.051</b>

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

Garantiansvar	62.409	65.431	51.276
Pantsetjingar	70.386	64.998	61.153
Eigenkapitaldekning	17,82 %	17,48 %	19,19 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.382.285	3.231.872	3.296.371

Voss, 15. oktober 2013

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel  
Styreformann



Åse-Karin Tennebekk



Dagfinn Gjøstein



Stein Kvarekvål



Norvald Fretheim



Jan Arveschoug  
banksjef

## TAP PÅ UTLÅN

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar  
 Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar  
 Endring i gruppevise nedskrivningar  
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for  
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for  
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

### Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

<b>30.09.13</b>	30.09.12	31.12.12
-60	872	1.790
0	-642	0
500	2.000	820
1.980	179	480
104	0	41
-75	-65	-69
<b>2.449</b>	2.344	3.062

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån  
 Individuelle tapsnedskrivningar

### Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement  
 Individuelle tapsnedskrivningar  
 Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

### Netto tapsutsette engasjement

38.464	38.270	37.338
3.273	6.118	5.455
<b>35.191</b>	32.152	31.883
71.039	74.432	75.905
24.323	20.046	22.201
<b>46.716</b>	54.386	53.704
<b>81.907</b>	86.538	85.587

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån  
 Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar  
 Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar  
 Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar  
 Netto utlån til kundar

3.045.825	2.857.159	2.849.305
0	1.515	0
-27.596	-27.679	-27.656
-18.076	-18.756	-17.576
<b>3.000.153</b>	2.812.239	2.804.073

## KAPITALDEKNING

	30.09.13		30.09.12		31.12.12	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	0	0	4.011	321	0	0
Institusjonar	35.016	2.801	64.628	5.170	68.004	5.440
Føretak	459.001	36.720	643.874	51.510	325.886	26.071
Massemarknad	0	0	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.165.535	93.243	824.135	65.931	1.136.304	90.904
Forfalte engasjement	30.208	2.417	86.465	6.917	18.292	1.463
Obligasjonar med fortrinnsrett	5.529	442	10.500	840	5.532	443
Andelar i verdipapirfond	3.409	273	5.687	455	6.070	486
Andre engasjement	208.034	16.643	311.284	24.903	189.723	15.178
Sum kredittrisiko	<b>1.906.732</b>	<b>152.539</b>	1.950.584	156.047	1.749.811	139.985
Operasjonell risiko	135.137	10.811	133.037	10.643	133.037	10.643
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	-18.076	-1.446	-18.756	-1.500	-17.576	-1.406
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Samla kapitalkrav	<b>2.023.793</b>	<b>161.904</b>	2.064.865	165.189	1.865.272	149.222
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-15		-15		-15	
Annan eigenkapital	273.894		257.811		274.245	
Fondsobligasjonar	35.000		34.440		35.000	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-16.997		0		-20.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum kjernekapital	<b>301.382</b>	<b>14,89</b>	301.736	14,61	298.730	16,02
Fond for urealiserte verdiendringar	9.195		9.287		9.195	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum tilleggskapital	<b>59.195</b>	<b>2,92</b>	59.287	2,87	59.195	3,17
Sum ansvarleg kapital	<b>360.577</b>	<b>17,82</b>	361.023	17,48	357.925	19,19

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital ved inngangen til året
Utbetalt utbytte førre år
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal
Kjøp / sal egne aksjar
Resultat i perioden
<b>Eigenkapital ved periodeslutt</b>

<b>30.09.13</b>	30.09.12	31.12.12
308.051	293.047	293.047
-4.275	-3.800	-3.800
1.196	-1.462	-2.032
0	0	-21
15.556	16.920	20.857
<b>320.528</b>	<b>304.705</b>	<b>308.051</b>

## KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Alle tal i heile NOK 1.000			
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	<b>120.551</b>	109.888	157.681
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-26.380	-28.178	-78.083
Andre innbetalningar	2.148	3.291	4.439
Driftsutbetalningar	-30.940	-40.831	-43.581
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	75	65	69
Utbetalt utbytte	-4.275	-3.800	-3.800
Betalte skattar	-6.964	-2.769	-6.964
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>54.215</b>	37.666	29.761
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-196.324	-205.822	-198.252
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	48.430	30.390	128.854
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	1	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	30.087	78.262	45.386
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	-1.533	-146	-29
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	-13.396	-14.501	26.288
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	-1.276	-613	4.704
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	0	0	0
<b>Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>-134.012</b>	-112.430	6.951
Investert i varige driftsmidlar	-1.569	77	-2.581
Investert i immatrielle eignelutar	0	0	-23.715
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	2.560	-9.968	-9.961
<b>Netto kontantstraum frå investeringar</b>	<b>991</b>	-9.891	-36.257
Netto endring likvidar	-78.806	-84.655	455
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	191.341	190.886	190.886
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>112.536</b>	106.231	191.341

### Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:

Kontantar og fordringar på sentralbankar	52.835	69.024	72.360
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	59.701	37.207	118.981
<b>Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>112.536</b>	106.231	191.341